



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Maren Skåden, 51 56 88 32

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland 2021

Fylkesmannen i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunen og fylkeskommunen med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Arkivverket, Kartverket og Kystverket og planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.

Kommunen kan sjekka kva tilsyn som er planlagt i si kommune i [den nasjonale tilsynskalenderen](#). For å sjå dei planlagde tilsyna må de ha ei rolle i kalenderen. Det er kommunedirektøren som skal søkje om slik rolle i kalenderen i fyrste omgang. Etterpå kan kommunedirektøren godkjenna at andre i eiga organisasjon får ei tilsvarande rolle. Sjå vedlegg for meir informasjon om korleis søkje rolle i kalenderen. Kommunar som ynskjer ein samtale med Fylkesmannen rundt prioritering og gjennomføring av tilsyna for 2021, kan ta kontakt med tilsynskoordinator Maren Skåden på e-post: maren.skaden@fylkesmannen.no innan 8. januar. Etter dette vil Fylkesmannen godkjenne dei planlagde tilsyna og dei vil bli lagt ut som offentleg informasjon i kalenderen.

Vi gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Arbeidstilsynet er blitt bedt om å prioritera kontroll av arbeidsgjevarar sitt ansvar for arbeidstakarane sitt smittevern av Arbeids- og sosialdepartementet. Dette vil difor vera fokus i alle tilsyn så lenge det er nødvendig. Arbeidstilsynet skulle som i 2019 også i 2020 ha delteke i eit forskingsprosjekt under leing av STAMI om effekten av verkemiddelbruk i tilsyn. Målgruppa var heimesjukepleie og heimehjelp. Dette prosjektet vert utsett til hausten 2021 grunna koronasituasjonen.

Kartverket legg opp til at det vert halde minst eitt matrikkeltilsyn i Rogaland i 2021, og Lund kommune er først ut med tilsyn i vår. Kommunane for i haust er ikkje valde endå. Kartverket trekkjer ut eit tilfeldig utval i grupper basert på folketal og fylkesvis fordelinga og alle kommunane er med i kvart uttrekk, og det kan føra til at kommunar kan bli trekte ut til nytt tilsyn, kort tid etter førre tilsyn.



Mattilsynet fortsett arbeidet med leveringstryggleik på drikkevatn. I 2021 vert tilsyn med drikkevatn-basseng prioritert saman med tilsyn med leidningsnett for vatn.

Fylkesmannen si utdanningsavdeling vil i 2021 gjennomføra felles nasjonale tilsyn (FNT) på områda skolemiljø, skolebasert vurdering og grunnskuleopplæring for vaksne. I tillegg vil vi gjennomføre tilsyn med kommunane si ivaretaking av spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage, og pilotera eit tilsyn på kommunens internkontroll i samband med skulemiljø.

Helse-, sosial- og barnevensavdelinga understrekar at systematiske tilsynsaktivitetar er eit viktig verkemiddel for å avdekkja lovbrøt og for å bidra til å heva kvaliteten og pasienttryggleika i tenestene. Belastninga på dei kommunale helse- og omsorgstenestene som følgje av pandemien har vore stor i 2020, og vil også i 2021 bli krevjande både knytt til utbrøt og vaksinerings samtidig som ein skal drifta dei ordinære tenestene som vanleg. Nærmare informasjon om planlagde tilsynsaktivitetar vil bli formidla til kommunane så snart oppdraget frå Statens helsetilsyn er klart. Vi vil ha tett og tidleg dialog med kommunane i vår planlegging av tilsyn for å sikra at aktivitetane ikkje verkar inn på normal drift, og for at det skal gi ynskja læring og forbetring.

Statens helsetilsyn har avgjort at det landsomfattande tilsynet med barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar skal først vidare i 2021.

Miljødirektoratet har ikkje planlagt å gjennomføra landsomfattande kommunetilsyn i 2021. Miljøvernavdelinga har difor ingen planlagde tilsyn med kommunen som forureiningsstyresmakt neste år.

Til slutt vil vi gjera merksam på at fleire av Fylkesmannen sine tilsyn vil bli gjennomført heilt eller delvis digitalt, mellom anna som følgje av koronasituasjonen.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Jan Petter Stangeland
ass. avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
NASJONAL SIKKERHETSMYNDIGHET (NSM)	Postboks 814	1306	SANDVIKA
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
SKATTEETATEN	Postboks 9200 Grønland	0134	OSLO
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS



ROGALAND	Postboks 583	4302	SANDNES
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IS			
ARBEIDSTILSYNET	Postboks 4720 Torgarden	7468	TRONDHEIM
HAUGALAND	Postboks 57	5575	AKSDAL
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS			
ROGALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
KS-KOMMUNESEKTORENS	Peder Klows gate 27	4010	STAVANGER
ORGANISASJON AVD ROGALAND			
ROGALAND REVISJON IKS	Lagårdsveien 78	4010	STAVANGER
DELOITTE AS AVD HAUGESUND	Postboks 528	5501	HAUGESUND
NORGES VASSDRAGS- OG	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST			
KPMG AS AVD HAUGESUND	Karmsundgata 72	5529	HAUGESUND

Adresseliste:

Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira